

Fylle ut sluttrapport

SØKNADSINFORMASJON

SøknadsId	25 574
Søknadstittel	Folkedansepor i skular i Sogn og Fjordane
Utlysning	Store dansespor runde 1 2023

OPPGAVEINFO

Oppgaveid	28699
Oppgavetittel	Fylle ut sluttrapport
Restbeløp (ikke utbetalt)	200 000
Ønsker du å be om utbetaling av eventuelt restbeløp?	
Ja	
Hvordan skal beløpet brukes?	Hele eller deler av beløpet blir brukt til lønn/honorar
Oppgi beløpet som blir brukt til lønn/honorar	231 659
Hvem er mottaker av utbetalingen av lønn/honorar?	Lag, organisasjon e.l. som tar arbeidsgiveransvar for honoraret /lønnen
Navn	Nikolai Storevik
Adresse	Tonningsgata 71B
Postnummer	6783
Organisasjonsnummer	971363894

Gjelder tiltaket utgivelse av trykksak/bok, fonogram/CD, videogram/DVS eller liknende?

Nei

Beskriv kort hvordan prosjektet har blitt gjennomført

Invitasjon til prosjektet med prosjektskildring har gått ut til barne- og ungdomsskular i regionane ved skuleadministrasjonen. Deretter har danseinstruktørane i kvar region teke kontakt med skulane v/ rektor for å lufter interesse for prosjektet og gjere eventuelle avtalar.

Dei skulane som har meldt si interesse har vore med og gjennomført prosjektet. Danseinstruktørane har då hatt direkte kontakt med ev. avdelingsleiarar og klasselærarar samt musikarar for organisering av prosjektet i tid og omfang. I nokre klassar har lærarane vald å delta saman med elevane og vist interesse og entusiasme for folkedansen.

I førekant av prosjektet vart det avvikla eit planleggingsmøte med instruktørane på Skei, der dei fekk gjennomgang av prosjektet og planen vidare. I Nordfjord, valde instruktørane å ikkje ha nokon spelemann, som gjorde at ein sparte ein del utgifter der. Dette bidrog til at prosjektet fekk eit overskot, som ein ser i rekneskapet lenger nede.

Sogn fokuserte på runddans som polka, vals og reinlendar. I Nordfjord underviste dei i gamalt, parhalling, noko runddans og ringdans (td : Jig circle), I Sunnfjord underviste vi i springar, parhalling, polka, allemannsmarsj. Samtlege elevar fekk innføring i polonese.

Vi inviterte alle elevane i folkedanseprosjektet til julefest i kvar region. Diverre var det ingen som melde si interesse for å delta. Vi dansa imidlertid med elevane på Førde ungdomsskule på elev- og foreldrekveld på skuleavslutninga før jul. Dette var stor stas. Elevane i kvar klasse fekk sjølve velge kva dans dei ville framføre for foreldrene. Dei valde springar og parhalling.

Hvor mange har vært involvert	480
-------------------------------	-----

Hvilke resultater har prosjektet gitt

Prosjektet har gitt mange elevar, ca 420 og lærarar eit førsteinnblikk i folkedansetradisjonar, bygdedans og runddans samt folkemusikk som høyrer til i form av felespel og trekkspel.

Dei har også fått kunnskap i form av tradisjonsarv og erfaring i pardans.

Slike prosjekt kan vere fødselshjelp til etablering av permanente jobbar for unge kulturarbeidarar. Prosjektet avdekkar behov for systemisk etablering av ambulerande folkedanslærarar i grunnskule og vgs, gjerne tilslutta kulturskulane.

Prosjektet har vore grunnlag for vidareføring i form av at Vestland fylkeskommune har gjeve ytterlegar prosjektmidlar til framhald av prosjektet mot oppfølging av skular som har vore med, nye klassar, nye skular evt. også vgs.

Vi i Sunnfjord er i dialog med kommunalsjef for kultur og idrett der vi fører fram erfaringar frå prosjektet og våre ønskje for framtida.

Skulane med elevane og lærarane var stort sett positive til folkedansen.

Nokra av lærarane uttrykt at dette var eit etterlengta og kvalitetsmessig godt tiltak: «Vi hadde aldri sjølve kunne gjort dette, vi har ikkje kunnskapen. Dette var veldig bra: No kan faktisk eg og danse springar: Utruleg!»

Dei fleste elevane la for dagen glede, interesse og til og med entusiasme. Andre derimot synte med både handling og ord at dette ikkje var noko for dei.

Det tek nok fleire prosjekt før vi får etablert lokale folkedansmiljø rundt forbi slik vi har intensjonar om. Men vi er på veg dit.

Prosjektets startdato

01.09.2023

Prosjektets sluttdato

15.12.2023

Inntekter	Søknadsbeløp	Faktisk beløp	Avvik
Støtte fra Sff	200 000	200 000	0
Andre tilskudd	220 000	100 000	120 000
Egenfinansiering/inntekter	0	0	0
Delsum	420 000	300 000	120 000
Ny seksjon	Søknadsbeløp	Faktisk beløp	Avvik
Honorar/lønn	360 000	231 659	128 341
Reise/opphold	30 000	14 690	15 310
Markedsføring	0	0	0
Lokalleie	0	2 324	#2 324
Administrative kostnader	30 000	0	30 000
Andre prosjektkostnader	0	0	0
Delsum	420 000	248 673	171 327
Total	0	51 327	#51 327

Vedlegg

[Bilete frå Vågsøy 8. kl 2023 NB må ikkje delast vidare.jpg](#)
[, Rekneskap Folkedansespor 2023 - Ark 1.pdf](#)